

Regnvêr over Markens grøde

Det fanst ikkje nokon filmindustri i Noreg så tidleg som i 1921, så det var den danske regissøren Gunnar Sommerfeldt og den like danske fotografen hans som fann vegen til Mo i Rana for å lage film av Hamsuns *Markens grøde*. Boka hadde året før fått Nobels litteraturpris, og drygt 40 år seinare vart ho lesen av ein ung og noko skeptisk Arild Jørgensen.

TEKST: INGJERD SKREDE



ARILD JØRGENSEN Filmarkivar, Nasjonalbiblioteket

Foto: Anne Tove Ørke



– Eg las ho ein gong på ungdomsskolen og hugsar at eg lurte på kva slags bok dette var. Ho var jo ganske godt skriven, men Hamsun rakkar ned på, og er svært nedlatande mot samar og det han omtaler som «trollkjærringer». Det overraska meg. Samtidig som historia om Isak Sellanrå og Inger som byggjer opp eit liv frå ingenting, er fascinerande lesing.

Arild Jørgensen dreg ei hand gjennom det lange, grå håret.

– Filmen forsvann og var borte i mange år. Kvi- for forsvann den?

– Først og fremst fordi ingen brydde seg om å ta vare på slike ting. Film var berre underhaldning og flyktig. Det var meir pengar å hente ved å brenne filmane slik at ein kunne få ut sølvet. Oska kunne bli brukt til skosverte. Og så fanst det ikkje nokon teknisk kompetanse som kunne ta vare på han, og da har slike ting lett for å forsvinne. Tidleg på 70-talet leita Norsk filminstitutt etter tapte, norske filmar over heile verda. Og i USA var vi heldige. Ein lærar ved School of Visual Art i New York brukte *Growth of the soil* i undervisninga som døme på norsk stumfilm, og vi var heldige og fekk filmen tilbake. Det viste seg å vere ein sliten 16 millimeter kopi med mykje regnvêr.

Regnvêr? Eg leitar i minnet etter sider med dårleg vêr i boka til Hamsun, men hugsar ikkje spesielt mange regnvêrsdagar.

– Nei, det har ingenting med meteorologi å gjere, seier Jørgensen, og forklarar:

– Filmen har ei matt og ei blank side. Akkurat som filmnegativ til stillbilete. Den blanke sida tåler ganske mykje slitasje, men når den matte sida får skraper og sår, så vil det sjå ut som regnvêr når filmen blir vist. Mengdevis av vertikale striper i biletet, altså. Desse kan vi reparere, eller i alle fall gjere mindre synlege ved på fylle riper og sår.

Han lener seg tilbake og spolar til staden han vart avbroten.

– Men så, i 1991, vart det funne ein film i Nederland. Dette var ein tinta, eller fargelagd, 35 millimeter nitratkopi. *Markens groede* hadde nederlandske tekstplakatar og var 200 meter lenger enn den kopien vi hadde fått frå USA. Restaureringsarbeidet vart lagt til rette av Arne Pedersen frå Norsk filminstitutt og Mark-Paul Meyer frå Nederlands filmmuseum. Resultatet av dette arbeidet vart vist på FIAF-kongressen (The International Federation of Film Archives) i Mo i Rana i 1993.

Men sidan den gongen har filmen levd sitt eige liv.

– Kjell Billing på filminstituttet var oppteken av det som stod på tekstplakatane, og som ikkje harmonerte med kva som skjedde på filmen. Plakatane er omsette til fleire språk og så omsett tilbake til norsk att. Det blir litt som kviskreleiken der innhaldet i budskapet blir litt endra for kvar gong ein ny plakat blir skriven. Til slutt var det ikkje attkjennande. Kjell Billing tok derfor for seg det som fanst av originaltekstar i tillegg til dreieboka som òg fanst. Ved hjelp av dette og boka er tekstane no meir i Hamsun si ånd, og klippte slik at teksten passar til bileta.


I tillegg vart filmen spela over i eit digitalt, høg-oppløysleleg kinoformat.

Eg ville at det skulle bli skikkeleg gjort, understrekar Jørgensen.

– Vi har reinsa bileta, for filmen var stripet, sliten og hadde mange flekker.

– Korleis gjer de det?

– Vi går ikkje inn og reinsar eitt og eitt bilete, slik dei har gjort med Disney sin teikna Snøhvit-film frå 1937. Det ville teke for lang tid. Nordisk Film Post Production i Oslo har brukt ein ny digital teknologi i dette restaureringsarbeidet. Det er enkelt sagt ein datateknikk der programmet blir



– Eg las ho ein gong på ungdomsskolen og hugsar at eg lurte på kva slags bok dette var. Ho var jo ganske godt skriven, men Hamsun rakkar ned på, og er svært nedlatande mot samar og det han omtaler som «trollkjærringer». Det overraska meg. Samtidig som historia om Isak Sellanrå og Inger som byggjer opp eit liv frå ingenting, er fascinerande lesing.

Arild Jørgensen dreg ei hand gjennom det lange, grå håret.

– Filmen forsvann og var borte i mange år. Kvi- for forsvann den?

– Først og fremst fordi ingen brydde seg om å ta vare på slike ting. Film var berre underhaldning og flyktig. Det var meir pengar å hente ved å brenne filmane slik at ein kunne få ut sølvet. Oska kunne bli brukt til skosverte. Og så fanst det ikkje nokon teknisk kompetanse som kunne ta vare på han, og da har slike ting lett for å forsvinne. Tidleg på 70-talet leita Norsk filminstitutt etter tapte, norske filmar over heile verda. Og i USA var vi heldige. Ein lærar ved School of Visual Art i New York brukte *Growth of the soil* i undervisninga som døme på norsk stumfilm, og vi var heldige og fekk filmen tilbake. Det viste seg å vere ein sliten 16 millimeter kopi med mykje regnvêr.

Regnvêr? Eg leitar i minnet etter sider med dårleg vêr i boka til Hamsun, men hugsar ikkje spesielt mange regnvêrsdagar.

– Nei, det har ingenting med meteorologi å gjere, seier Jørgensen, og forklarar:

– Filmen har ei matt og ei blank side. Akkurat som filmnegativ til stillbilete. Den blanke sida tåler ganske mykje slitasje, men når den matte sida får skraper og sår, så vil det sjå ut som regnvêr når filmen blir vist. Mengdevis av vertikale striper i biletet, altså. Desse kan vi reparere, eller i alle fall gjere mindre synlege ved på fylle riper og sår.

Han lener seg tilbake og spolar til staden han vart avbroten.

– Men så, i 1991, vart det funne ein film i Nederland. Dette var ein tinta, eller fargelagd, 35 millimeter nitratkopi. *Markens groede* hadde nederlandske tekstplakatar og var 200 meter lenger enn den kopien vi hadde fått frå USA. Restaureringsarbeidet vart lagt til rette av Arne Pedersen frå Norsk filminstitutt og Mark-Paul Meyer frå Nederlands filmmuseum. Resultatet av dette arbeidet vart vist på FIAF-kongressen (The International Federation of Film Archives) i Mo i Rana i 1993.

Men sidan den gongen har filmen levd sitt eige liv.

– Kjell Billing på filminstituttet var oppteken av det som stod på tekstplakatane, og som ikkje harmonerte med kva som skjedde på filmen. Plakatane er omsette til fleire språk og så omsett tilbake til norsk att. Det blir litt som kviskreleiken der innhaldet i budskapet blir litt endra for kvar gong ein ny plakat blir skriven. Til slutt var det ikkje attkjennande. Kjell Billing tok derfor for seg det som fanst av originaltekstar i tillegg til dreieboka som òg fanst. Ved hjelp av dette og boka er tekstane no meir i Hamsun si ånd, og klippte slik at teksten passar til bileta.

I tillegg vart filmen spela over i eit digitalt, høg-oppløysleleg kinoformat.

Eg ville at det skulle bli skikkeleg gjort, understrekar Jørgensen.

– Vi har reinsa bileta, for filmen var stripet, sliten og hadde mange flekker.

– Korleis gjer de det?

– Vi går ikkje inn og reinsar eitt og eitt bilete, slik dei har gjort med Disney sin teikna Snøhvit-film frå 1937. Det ville teke for lang tid. Nordisk Film Post Production i Oslo har brukt ein ny digital teknologi i dette restaureringsarbeidet. Det er enkelt sagt ein datateknikk der programmet blir

fortalt kva det skal sjå etter, og så blir dette fjerna. Det krev litt finjustering. I førstninga fjerna programmet måsar, bruer og rennande elvar fordi det oppfatta dette som flekker og støy i biletet.

Han smiler litt over bortkomne måsar.

– Men vi fekk da gjort det slik vi ønskte til slutt. Det må bli gjort med litt nennsam hand slik at vi tek vekk skadar på ein måte som gjer at vi får fram det storslegne, men utan at det blir klinisk.

Og vi har gjort ein del med farten på filmen. Du veit, i gamle stumfilmar har alle rørsler ein tendens til å gå svært fort. Vi har valt å spele denne farten over i eit tempo som er meir likt det verkelege. Eg fekk mykje kjeft for akkurat det. Nokon meinte at filmen blir altfor langsam, og det er jo veldig teatralt. Men, det var sånn dei agerte på den tida, og eg synest det er verdifullt å få eit ordentleg innblikk i dette.

– Ja, kva tykkjer du eigentleg om filmen?

Han tenkjer seg om ei diplomatisk, lita stund.

– Filmteknisk er han veldig god. Fotografen er svært flink. Og tenk, dei hadde ikkje lysmålarar og den slags, men gjorde innstillingane på feelingen. Det var tungt utstyr som dei fekk slept opp der. Og fotografen måtte sveive på kameraet sitt, da. Så sånn sett er han imponerande. Den første delen er brukbar. Det er den datidige estetikken og heilt greitt. Men det er jo teater overført på film. Og fordi sidehistoriene manglar, skjønner vi ikkje filmen heilt, og vi oppfattar det som smått kaotisk. Slutten av filmen forstår vi heller ikkje. Men vi har komme fram til at dei siste 20 minutt manglar. Så vi har derfor lagt inn forklarande tekst slik at publikum likevel får med seg heilskapen. Og saman med musikken fungerer det kjempefint. Du veit kanskje at dette er den første filmen i norsk filmhistorie det er skrive musikk for? Notane var rett nok òg borte i mange år, men vart reint tilfeldig funne hos NRK. Dei hadde lånt dei frå Victoria teater i Oslo og aldri returnert dei.

Musikken er komponert av Leif Halvorsen som skreiv han for eit symfonisk orkester. Han opplevde dessverre aldri at filmen vart framført med den besetninga han hadde ønskt og måtte nøye seg med 11 musikarar på premieren i 1921. No er musikken spelt inn med Kringkastingsorkesteret under dirigent Frank Strobel. Når film skal visast på kino, blir det nytta ein digital kopi med stereolyd. Og når han skal bli vist i litt storslåtte samanheng, er det




Foto: Ketil Born

med fullt orkester og ein analog 35 mm kopi.

Vi ville og måtte ha han ferdig til Hamsun-året, og det var så vidt vi rakk det. Det kunne vore gjort raskare og enklare, men eg ville gjerne gjere det skikkeleg. Vi klarte det, og eg er nøgd med resultatet.

TINTING

Filmkopiane vart lagde i eit kjemisk bad for å få fram ei spesiell farging av kopien. Dette vart nytta ein del før fargefilm var tilgjengeleg. Heile filmar vart ofte farga sepia. Dramatiske brannscener vart farga raude, nattscener blå og så vidare.

Hamsun

2009

I 2009 feirar vi 150-årsjubileet for Knut Hamsuns fødsel. Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for fire nasjonale forestillingar i jubileumsåret:

- 19. februar i Oslo, basert på *Sult*
- 1. august i Lom/Vågå, basert på *Markens grøde*. Her vert filmen *Markens grøde* vist.
- 4. august på Hamarøy, basert på *Landstrykere*
- 18. september i Grimstad, basert på *På gjengrodde stier*

Les meir på hamsun.no

This article can be read in full in the English section in the back of the magazine.